

Oppsummering av informasjon gitt på «open dag» 17. juli 2022

Status tilsette

Rektor blir Kjetil Solem. Han er frå Skodje og er utdanna allmennlærer og er på siste semester med rektorutdanning. Fleire års erfaring som lærar og har vore avdelingsleiar, assisterande rektor og er i dag rektor på Brattvåg barneskule. Har sagt opp og er i utgangspunktet i oppseiingstid til 1. oktober hos Ålesund kommune. Kjetil har berre erfaring frå offentleg skule, men har lenge høyrte om EnSpire-skulane og har vore interessert i konseptet ei stund. Ser fram til å ta fatt på dette!

Det er fire som har fått tilbodsbrief som er tiltenkt å vere lærarar. Tre av dei har takka ja.

Dei tre er:

- Siv Anita Dyrøy: Fleire års erfaring i offentleg skule og Montessoriskule. Godkjent lærarutdanning og har ein del etterutdanning. Tilsett fast. Er i oppseiingstid til 1. oktober.
- Trine Lønseth Skogvoll: Bachelor i pedagogikk og erfaring frå skule. Ikkje godkjent lærarutdanning. Tilsett midlertidig fram til ein eventuell PPU er på plass. Er på plass til skulestart.
- Erika Kanishi Daugstad: Bachelor i pedagogikk og erfaring frå skule. Ikkje godkjent lærarutdanning. Tilsett midlertidig fram til ein eventuell PPU er på plass. Er på plass til skulestart.

Held framleis på med intervju då det kan bli aktuelt å tilsette fleire.

Det er foreløpig ikkje nokon som har blitt tilsett som assistent, miljøterapeut, vernepleiar eller tilsvarande, men det er fleire interessante namn på blokka, og intervjuar er ikkje over. Det er éin person som har fått tilsendt tilbodsbrief, men vedkommande har ikkje takka ja enno.

Det endelege talet på tilsette vil vere avhengig av kor mange elevar skulen får totalt sett, og kor mange elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning, då desse faktorane har påverknad på tilskudda til skulen som igjen har påverknad på kor mange ein kan gi løn til.

Status i prosessen

Følgande er bestilt inn:

- Fiber og trådløst internett til bygget
- iPad med tastatur til alle elevar
- Office 365-pakke (Word, PowerPoint, Excel, Teams, m.m.) til alle elevar og tilsette
- Skule- og SFO-administrativt system
- Digitalt arkivsystem
- Digitalt avvikssystem
- Noko kontorutstyr

Tresfjord ENSPIRE skule

Planleggingsdagar for dei tilsette

- 11. august saman med andre EnSpire-skular
- Ettersom sein godkjenning og tilsette seint på plass (Kjetil og Siv i oppseiingstid, men blir delvis til stades frå skulestart), blir resterande planleggingsdagar tatt i haustferien
- Dette vil gjere at det blir ein del ekstra «alternativt» opplegg fram til og med haustferien enn det som opprinneleg var tenkt og vi ber om forståing for dette

Skulen er godkjent for 70 elevar, men bygget er berre godkjent for 42, så vi kan per no berre ta imot 42 elevar. Det var 39 elevar på opprinneleg interesseliste, men den er no på 36 elevar. Ikkje alle har gitt endeleg stadfesting enno av desse 36, men sjølv om alle skulle gjere det, så har vi altså plass til 6 elevar til.

Utarbeiding av ulike rutinar er i gong, men vil nok sannsynlegvis ikkje vere heilt klare til skulestart.


Elevane vil bli delt inn i tre elevgrupper. Per no ser det ut til at fordelinga blir slik:

- 1.-2. trinn i lag
- 3.-4. trinn i lag
- 5.-7. trinn i lag


Innskriving for 1. trinnselevar (og vi håper å få til for alle elevar) vil sannsynlegvis bli i veke 33 (veka før skulestart). Endeleg dato er ikkje sett, då det må passe inn med dei som er i oppseiingstid.

Det er planlagt å ha eit nytt infomøte for føresette i august. Dato er i skrivande stund ikkje avklart, men vil bli sendt ut så snart det er på plass.

Presentasjon av skisse for uteområdet (ikkje endeleg bestemt)



Tresfjord ENSPIRE skule



- ⑨ VARELEVERING
- ⑧ SYKKELPARKERING
- ⑦ BALANSELEK
- ⑥ SANDKASSE / DUMPEHUSKE
- ⑤ SJAKKBRETT / PARADIS
- ④ LEKESKUR
- ③ LEKEOMRÅDE M. APPARATER
- ② HØNSEGÅRD
- ① KJØKKENHAGE

Noko av uteområdet blir ferdigstilt før skulestart.

Inngjerdinga blir ferdigstilt før skulestart. Sikring mot elva er prioritet nr. én.

Tresfjord **EN SPIRE** skule

Presentasjon av forslag til skulerute

SKULERUTE		
skuleåret 2022/2023		
Haust 2022		Skuledagar
August	Første skuledag: tysdag 23. august	7
September		22
Oktober	Haustferie veke 41: måndag 10. til fredag 14. oktober	16
November		22
Desember	Siste skuledag før jul: onsdag 21. desember	15
Vår 2023		
Januar	Første skuledag etter jul: tysdag 3. januar	21
Februar	Vinterferie veke 8: måndag 20. februar til fredag 24. februar	15
Mars		23
April	Påskeferie: måndag 3. april til måndag 10. april. Første skuledag etter påske: tysdag 11. april	14
Mai	Elevfri dag (utanom raude dagar): fredag 19. mai (inneklemmt fredag)	18
Juni	Siste skuledag før sommarferien: torsdag 22. juni*	16*
Sum heile året		189*

** Det er planlagt at 1 dag av dei 190 skuledagane i la. skuleåret blir avspasert grunna obligatorisk ettermiddags- eller kveldsarrangement for elevane som blir gjennomført for alle elevar. Dette blir avspasert fredag 23. juni, og difor blir siste skuledag torsdag 22. juni. Dersom det blir avvik frå dette vil heimane få beskjed.*

Ved eventuelle innvendingar, ta kontakt med skulen.

Tresfjord ENSPIRE skule

Forslag til timeplan for *alle* elevar på Tresfjord EnSpire skule:

		Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
SFO	07:00-09:00					
1	09:00-10:00 Inkl. frukt-pause e.l.					
2	10:00-11:00					
	Lunsj og storefri					
3	12:00-13:00					
4	13:00-14:00					
SFO	14:00-16:00					

4 timar per dag = 20 timar per veke på *alle* trinn.

Dei største hjelper til med mat/lunsj ca. 12 minutt kvar dag i storefri = 60 minutt på ei veke.
Vi kan knyte det til eksempelvis Mat og helse-timane, slik at dette blir 21 timar per veke.

Dei minste har 1 time for mykje per veke dersom 20 timar per veke. Forslag: Leksefri* skule og difor bruke leksehjelptimane til å fylle denne eine timen.

*Einaste lekse blir å lese heime kvar dag og det kan forekomme nokre «oppdrag» eller førespurnadar

Ettersom det er eit avvik frå ordinært timetal, skal de føresette (via FAU og SU) eigentleg godkjenne dette og det er ikkje noko vi tilsette på skulen kan bestemme utan å gå via dykk. Men vi meiner dette er ei veldig god løysing, og ettersom FAU og SU ikkje er operativt enno, så anbefaler eg at vi prøver ut dette, via godkjenning frå styret, og så får det evaluerast i FAU og SU ila. skuleåret, for ei eventuell endring til skuleåret etter. Ta kontakt med rektor/styret om nokon har innvendingar mot dette.

Kommentar til fag- og timefordeling og timeplan

Vi skal ikkje sjå oss «blinde» på fag- og timefordelinga. Den er til for å sirke elevane nok fokus på ulike kompetansemål i læreplanen. Med prosjektarbeid, tverrfagleg, og fleirfagleg arbeid vil det ikkje bli nøyaktig slik som fag- og timefordelinga viser. Dette er normalt på *alle* skular. Eventuelle «avvik» frå fag- og timefordelinga skal grunnast pedagogisk og vere forsvarleg.

Tresfjord **EN SPIRE** skule

Det er berre eitt friminutt kvar dag på timeplanen. Det er eit ekstra langt storefri med lunsj organisert av føresette. Ein saknar kanskje fleire friminutt, men vi tilsette skal tilpasse undervisninga, timeplanlegginga og skuledagen ut ifrå elevgruppa, og ta hyppige pauser og variere undervisninga ved behov sjølv om det ikkje står «friminutt» på planen. EnSpire skulen skal vere praktisk retta og elevane vil vere i beveging både inne og ute fleire gongar per dag.

Læreverk

EnSpire skulane skal vere praktisk retta og ha ein del utforsking, så vi ønsker ikkje at skulen vår skal vere «lærebokstyrt», men har vore i dialog med dei andre EnSpire skulane for tips om kva dei meiner vil passe til EnSpire og pedagogisk entreprenørskap.

Dei har nemnt Nysgjerrigper, iMal for bokstavinnlæring, Dragonbox (matematikk) og Elevkanalen. Vi tar til oss tipsa og tar ei vurdering. Rektor har også vore borti alle desse på tidlegare skular, bortsett frå Elevkanalen, og har berre positivt å melde om desse læreverka.

Skulefritidsordninga (SFO)

Skuledagen er tenkt å vare frå 09:00 til 14:00 og SFO frå 07:00-09:00 og 14:00-16:00. Det har vore tatt opp som moglegheit å kjøpe ein halvtime ekstra (til 16:30). Det er per i dag 6 elevar som er påmeldt SFO og alle har berre nemnt ordinært tilbod.

Det er tenkt ein foreldrebetaling på 1 450,- for ein fulltids plass (alle dagar på morgon og ettermiddag). Det blei tatt opp på møtet at ein kan vurdere å tilby berre deltidsplass (altså berre morgon/ettermiddag eller berre enkeltdagar). Ta kontakt med skulen om dette skulle vere av interesse, så skal vi sjå kva vi kan få til å stable på beina og kva for sats for foreldrebetaling vi skal legge oss på.

Det var i utgangspunktet ikkje tenkt å ha SFO-tilbod i feriar, men dersom fleire ønsker dette, ta kontakt med skulen, så skal vi prøve å få til eit tilbod og komme med forslag til sats for foreldrebetaling.

Det er mogleg for skulen å søke om tilskot for å gi gratis SFO 12 timar i veka til 1. trinns elevar. Når alle søknadar om SFO er komne inn, vil vi søke om tilskot frå UDIR. Dersom tilskotet blir godkjent, vil dette komme heimane på dei respektive elevane til gode. Korleis vi skal refundere dette beløpet til heimane må vi komme tilbake til. Ettersom vi ikkje veit om vi får tilskotet eller ikkje, må vi difor gå for ordinær foreldrebetaling inntil vidare.

Det er også mogleg for skulen å søke om tilskot for å kunne tilby redusert foreldrebetaling for husstandar med låg inntekt (lågare enn ca. 490 000 kr total inntekt på ein husstand, sjå kommunen sine satsar på heimesida, blir sikkert endra fortløpande). Ta kontakt med skulen om dette er aktuelt for dykk, så skal vi søke om tilskot og redusere sats for foreldrebetaling tilsvarande tilskotet.

Tresfjord **EN SPIRE** skule

Behov for hjelp/tips frå føresette/bygda

Følgande er ikkje bestilt inn enno i tilfelle nokon har nokre tips til å skaffe noko billig eller gratis:

- Møblement til garderobe, pauserom, kontor, klasserom (både «typisk» og «alternativt» møblement som pultar, stolar, puter, benkar, sofaar, matter, m.m.)
- Hyller/skuffer til elevar og tilsette
- Bøker til eit skulebibliotek
- Leiker til skule/SFO

Behov for hjelp til dugnad på uteområdet og kanskje inne i gangen på skulen mtp. garderobe.

Behov for eit skilt med logo og namn på skulen oppe ved vegen og på skulebygget som toler vår og vind.

Kontakt

Generelle henvendingar til skulen:

E-post post@tresfjordenspire.no

Direkte kontakt til rektor

E-post: kjetil@tresfjordenspire.no

Tlf.: 40 60 33 77